



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2821 - 15/25606

Saksbehandlar:
Trine Haukås
Trine.Haukas@lindas.kommune.no

Dato:
24.07.2015

Førebels melding om motteken byggjesak FVL § 11. - Gbnr 196/162 Midtgård

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.07.2015 og saka har saksnummer 15/2821.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1). Ved større manglar vert tidsfristen rekna frå den dagen søknaden er komplett.

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

| Sakstype | Tidsfrist |
|---|-----------|
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2, inkl. dispensasjon Fristen vert avbroten i den tida søknaden ligg til uttale hos regionale og statlege mynde | 12 veker |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-3 og 20-4, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i | 3 veker |



| | |
|--|----------|
| gang. | |
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-4, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve. | 12 veker |
| Søknad om igangsetting Dersom fristen ikkje er halden kan de tiltaket setjast i gang | 3 veker |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. | 3 veker |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Trine Haukås
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Vetås Bolig & Eiendom AS

Søre Austmarka 67 5938

SÆBØVÅGEN

Mottakarar:
Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN